

Til:
 Fedje Kommune
 Stormarkvegen 49
 5947 Fedje

Rundemansbrekka – Vegen opp til adressane Mulevegen 92 – 100.

Klage på-, og krav om vedlikehald av vegen.

Denne vegen, med snuplassen på toppen, er ein kommunal veg, og som kommunen har ansvar med vedlikehaldet av. Vegen, slik den ser ut i dag, gjev inntrykk av å vera ignorert eller gløymd i kommunens vedlikehaldsplanar. Vegen er full av hol, vegskuldra delvis knekt, og asfaltdekket er over det heile i ferd med å gå i oppløysing.

For nokre år sidan vart eit par djupe hol, på initiativ frå ein av huseigarane, lappa i. Men utover det, må det vera svært lenge sidan det har vore noko vedlikehald på vegen, om det har vore noko vedlikehald i det heile.

Vegen er bratt, og når oppløyst asfalt legg seg som grus oppå asfalten fungera det som rullelager, med stor sklisfare for køyretøy og folk til fots. Det har dei siste åra vore fleire fall med personskade, skulda den dårlige standarden på vegen.

Vegen er i bruk dagleg av fastbuande, hyttefolk og andre som har ærend i området. Me meiner at kommunen må som strakstiltak reparera det som er naudsynt, og prioritera nytt vegdekke på heile vegen, inkludert snuplassen ved enden, på toppen av vegen.

Me ser fram til positivt svar, og vil gjerne vita kva konkrete tiltak har planar kommunen har for denne vegen.

På førehand takk for snøgt svar.

Fedje 2023-08-17

Med helsing:

Martin André Monsen
 Martin André Monsen, Mulevegen 92

Kari Moldskred
 Kari Moldskred, Mulevegen 96

Hans Kahrs
 Hans Kahrs, mulevegen 98

Terje Hugo Hansen
 Terje Hugo Hansen, Mulevegen 100

Frode Hendriksen, Mulevegen 101
Frode Hendriksen